

Til foreldra

Overgang frå småbarnsavdeling til storbarnsavdelingane i Prestmarka barnehage.

Sommaren er snart i full gong, men utpå ettersommaren skal barnet ditt flytte over frå småbarnsavdeling til avdeling for større born.

.....skal gå i avdeling Sørastova – Nordastova.

Dette er ei stor endring i barnet sin kvardag, og me ønskjer å leggje tilrette for ein mest mogleg smidig overgang for barnet ditt.

No i vår har små og større born hatt felles utetid på føremiddagen, og mange av dei små som no ikkje lenger tar seg ein lur, er ute saman med større born midt på dagen.

Me vil òg leggje opp til besøk på dei store avdelingane no i ferietida; leike ilag inne, kanskje vere med på samlingstund, ete saman, kanskje vere med på tur ol. På denne måten vil dei verte litt kjent med nye omgjevnader og personalet før ferien. Sjølvstøtt vil personal frå Småstovene vere med som ei støtte her.

Når oppstarten kjem i august veit me at dette vil verte nytt for barnet;

- Frå å vere dei eldste borna på avdelinga vert dei no dei yngste.
- Dei skal gå på avdelingar med 19 born på gruppa i Sørastova og opp mot 24 barn i Nordastova. I uteleiken vil alle avdelingane leike ute saman og ein vera mange born samla.
- Dagsrytmen er ulik; ein er inne på føremiddag og ute mellom 12 og 14.30.
- Det er ikkje lagt opp til søving.
- Det vert færre vaksne pr. barn. Det er nye vaksne å forhalde seg til.
- Inneareal er ulikt, ein får nye rom å forhalde seg til.

Dette er ting som de bør vere klar over slik at dette vert tatt omsyn til i overgangsfasen. Me ønskjer at de bruker tid saman med barnet i denne overgangen, og bruker dei samme prinsippa som førre gong då barnet starta opp i barnehagen.

Ha litt kortare opphaldstid i starten og vis at du føler deg trygg på at barnet har det bra!! Då vil dette gå seg så flott til!!

I oppstarten vil dei nye borna få sin primærkontakt i personalet. De vil få meir fullstendig informasjon frå avdelingane ved oppstart.

Prestmarka barnehage 17.06.14

Rita V. Amundsen
styrar